



Fleire hadde funne vegen til Fjellandsbøvatnet idag.

I det flotte veret i helga har det vore gode muligheter for uteaktivitetar for både store og små. Mange har nytta høve til å ta turen til Fjellandsbøvatnet for å bruka isen. Både laurdag og søndag har det vore folksamt der. Det skjønar vi godt, for det var næraste perfekte forhold på og rundt dette idylliske fjellvatnet øvst i dalen vår.



Det er godt å ha ei hjelpande hand når ein skal utpå isen for fyrste gong! Her er det Jaran Jensen Eide som får hjelp av mamma, Linda Jensen, medan Karoline Myklebust lurar på korleis dette skal gå.

Då sola kom fram ved ellevetida søndag, byrja folk å strøyma til. Første timen var det rett nok litt surt med vind frå sør. Likevel såg det ut til at alle som ein kosa seg. På isen var det stor aktivitet. Unge nybyrjarar starta litt ustødig, men fekk snart taket på skeisekunsten. Gamle storløparar viste at kunsten slett ikkje var gløymt. Desse smaug seg stilfullt av garde på lengdeløpsskeisene sine, medan nokre av den yngre garde utkjempa hockeykamp. Alle var like blide, ja, dei skein om kapp med sola som varma meir etter kvart som vinden stilna av. Rundt vatnet sat folk og kosa seg skikkeleg i pausane frå skeiseaktivitetane. Her var det grilling, pølse på termos, god niste og varmt drikke, ja, mykje av det gode som smakar aller best i slike rammer.

Det er vanskeleg å setja noko tal på kor mange som var der i løpet av dagen. Då klokka passerte eitt vart det talt til vel 40 bilar samtidig. Dette skulle tilsei at det var om lag 160 personar der då. Derfor er det naturleg å tru at det var meir enn 200 som var innom dette flotte området i løpet av søndagen. Og det var ikkje berre uskedelingsar. Vi registrerte at heile strekningen i alle fall frå Rosendal til Husnes vart representert.

Det verkar som om stadig fleire har oppdaga den perla som dette flotte rekreasjonsområdet er. Det er flott. Då er det og viktig at alle tar ansvar, ryddar etter seg og forlet området like fint. Det trur vi skjer, og det fortener grunneigarane som takk for at vi får bruka dette flotte området.


Tekst: Thor Inge Døssland

Foto: Thor Inge Døssland og Magnhild Haugland





Kva er det som ligg under isen...?



...aha..Eit aldri så lite kunstverk. Nokon som har gløymd båten sin..



Det er vel lite som kan slå det å ete middagen ute.





Robert Stensletten var ein av dei mange som ikkje hadde gløymd gamle kunstar frå ifjor.





Men også dei som kan gå på skøyter får kjenne at isen er hard. -Eller er det ein liten pust i bakken?



Ishockey er ein fast aktivitet på Fjellandsbøvatnet når isen er så fin som no!





Det var mange som koste seg rundt leirbålet (eller eingongsgrillen for den saks skuld)

Ps: Om vi skal tru vervarselet, så vil isen halde seg ei god stund. Med tempratur rundt null fram til torsdag, så ligg forholda tilrette. Om vi skal tru vervarselet då...



Det er slett ikkje berre ungane som koste seg på isen! Her er den eldre garde representert med : F.v. : Audun Eik, Kjell Borge Olsen, Knut Bringedal, Magne Huglen og Knut Stensletten.